



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 06.05.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17:00 - 19:15

Møtet vart styrt av ordførar Nils Marton Aadland.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 28.04.15 og møtet var kunngjort i pressa 25.03.15.

Ordførar minnst Per Sæthre som har gått bort.  
Kommunestyret hadde 1 minutt stillhet.

Kommunestyret starta med spørjetime. Det var ikkje kome inn skriftlege spørsmål, men kommunestyrerepresentantane Ragnar Bratland, Kåre Skibenes, Øystein Blom, Leif Johnsen og Tormod Skurtveit stilte spørsmål som ordførar svara på.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Nils Marton Aadland	H	Ordførar
Lars L Barstad	V	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Rolf Hansen	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Atle Håtuft	FrP	Medlem
Ørjan Kristiansen	FrP	Medlem
Elna H Bjørndal	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Ragnar Bratland	H	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Kåre Skibenes	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Sakstad	SAM	Medlem
Åshild Aamli	SAM	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Magne Rifsgård	SP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem
Arnold Tveit	SP	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Asbjørn Larsen	AP
Mabel Johansen	H
Per Kristian Holmetun	SP
Sigmund Larsen	FrP

Astrid Anne Fjeldstad fekk permisjon frå kl. 19:00.

Arnold Tveit tok del frå kl. 19:00.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 30 - 40.

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam og økonomisjef Per Inge Olsen.

---

Protokollfører: Randi Hilland

7. mai 2015

Nils Marton Aadland  
ordfører

Randi Hilland  
konsulent

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
30/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
31/2015	Godkjenning av møtebok
32/2015	Referatsaker
33/2015	Orientering om status kommunestruktur
34/2015	Rekneskap og årsmelding 2014
35/2015	Krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 59
36/2015	Justering av punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre
37/2015	Avtale med Bergen Capital Management - Forlenging
38/2015	Reglement for Finansforvaltning Meland kommune
39/2015	Felles IKT-strategi
40/2015	Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2015

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		15/1234

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
30/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 30/2015

#### KS - behandling:

#### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/1234

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
31/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

**Godkjenning av møtebok frå møte 22.04.15**

**Saksopplysningar:**

**Framlegg til vedtak:**

Møtebok frå møte 22.04.15 vert godkjent.

**Kommunestyret - 31/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Møtebok frå møte 22.04.15 vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		15/1234

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
32/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Referatsaker

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

### Kommunestyret - 32/2015

### KS - behandling:

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

### KS - vedtak:

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		15/1234

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
33/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Orientering om status kommunestruktur

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

#### Kommunestyret - 33/2015

##### **KS - behandling:**

Rådmann orienterte status i arbeidet alternativ Bergen

- utgreiingsarbeid med faktarapport. Sak i junimøte i kommunestyret.

Ordførar orienterte status alternativ Meland, Lindås og Radøy

- Hatt møte mellom dei 3 kommunane, der m.a. dette vart drøfta:

- organisering av ny kommune

- kommunenamn, kommunesenter, bruk av dagens rådhus

Nytt møte 11. mai – skal ha 4 møte før sommarferien

Referat frå alle møte vert lagt på nett-sida til kommunen og link for å kome med innspel

Folkemøte i alle krinsar i dei tre kommunane

##### **KS - vedtak:**

Kommunestyret tek orienteringane til etterretning.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 210	15/908

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
40/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015
34/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Rekneskap og årsmelding 2014

### Vedlegg:

Årsrekneskap 2014 Meland kommune

Årsmelding 2014 Meland kommune

Revisjonsrapport nr 12 Årsrekneskap 2014

Revisjonsberetning 2014 signert

Notat 09.04.2015 til kontrollutvalet vedr punkter i revisor sin rapport nr 12

Uttale frå leiinga til Meland kommune sin Årsrekneskap for 2014-signert

Særutskrift frå sak 13/15 i Kontrollutval 10.04.15 - Uttale til årsrekneskapen for 2014

### Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2014 som i 2013 eit godt resultat, totalt kr 3,1 mill betre enn budsjett.

Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 14,2 mill, som er 2,91 % av sum driftsinntekter.

Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2013 på kr 29,9 mill, som utgjer 6,38 % av driftsinntektene.

Vi har altså ein resultatnedgang frå 2013 på kr 15,7 mill, eller omtrent ei halvering. Trekk ein frå overføringer til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 14,9 mill, mot kr 21,1 mill i 2013, ein nedgang på kr 6,2 mill.

Kommunen budsjetterte i 2014 med kr 11,8 mill i avsetjing til disposisjonsfond. Avsetjing er gjort som budsjett, og vi har igjen eit ikkje disponert mindreforbruk på kr 3,1 mill for 2014.

Netto driftsresultat på kr 14,2 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 3,0 mill Bruk av tidlegare års mindreforbruk (avsetning av overskotet frå 2013 til disp.fond)

kr 4,4 mill er bruk av bundne fond

kr 0,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen (korr. av føring i 2013)

kr 3,6 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 14,8 mill er avsetning til disposisjonfond (overskot frå 2013 og budsjettert overskot i 2014)

Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 098 808, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond.



Kommunen sin investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 21,2 mill, av dette er kr 4,4 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskotteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 17,1 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 38,3 mill. Revidert budsjett var på kr 29,8 mill, slik at det brutto i 2014 er ført kr 8,5 mill meir i investeringsrekneskapen enn budsjettet. Dette skuldast ein del postar ført brutto som avsetningar, men som har tilsvarende inntekter, utan at desse bruttoføringane er budsjettet. Dette gjeld mellom anna ekstraordinære tilbakebetalingar av startlån og motteke tilskot til Breibandsutbygging.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følgjer som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

**Framlegg til vedtak:**

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

**Formannskapet - 40/2015**

**FS - behandling:**

Økonomisjef og rådmann orienterte.

**FS – framlegg til vedtak:**

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

**Kommunestyret - 34/2015**

**KS - behandling:**

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Notat – korrigerings av årsrekneskap 2014 vart delt ut.

**KS - vedtak:**

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 202, FA - Q10, TI - &13	14/2157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
35/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 59

### Vedlegg:

Krav om lovlighetskontroll / legalitetskontroll - Justering i Nordhordlandpakken-høyring

### Saksopplysningar:

Kommunen har mottatt skriv dat 22.04.15 om lovlegkontroll av vedtaket i kommunestyresak 29/15 – *Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring*. Kravet er underskriven av kommunestyremedlemmane Per Kristian Holmetun (SP), Leif Johnsen (MDG) og Nina Olsvoll (V), sistnemnde som møtande varamedlem i kommunestyremøtet 22.04.15.

Det vert i kravet om lovlegkontroll stilt spørsmålsteikn ved «....om en og samme sak med det omtrent samme innhold kan behandles flere ganger helt til ønsket resultat foreligger». Representantane ber om at Fylkesmannen må sjå på saka med utgangspunkt i kommunelova § 59 nr 1-4.

Ved lovlegkontroll etter kommunelova § 59 skal det prøvast om vedtaket:

- a. er innholdsmessig lovleg
- b. er fatta av nokon som har mynde til å treffe slik avgjersle
- c. er blitt til på lovleg måte

I kravet om at vedtaket skal vere innholdsmessig lovleg, ligg både eit krav om at vedtaket ikkje må vere lovstridig, og om nødvendig må det ha heimel i lov. Punkt b, med krav om at vedtaket må vere fatta av nokon som har mynde til å treffe ei slik avgjersle, regulerer t.d. spørsmål om delegasjon og reglar om avgjerdskompetanse i særlovgivinga. Om vedtaket er blitt til på lovleg måte vil byggje på krav til saksbehandlinga; i forvaltningslova, i særlovgivinga og i ulovfesta prinsipp.

Vedtaket skal elles byggje på eit korrekt og fullstendig faktum, det skal ha eit lovleg føremål, og det skal ikkje vere tatt utanforliggjande omsyn.

## SAKSGANG

### Kommunestyret 18.02.15

Meland kommunestyre behandla i møte 18.02.15 sak om *Bompengesøknad for Nordhordlandspakken*, sak 08/15. Framlegget frå administrasjonen om å seie ja til Nordhordlandspakken slik den låg føre, fekk då ikkje tilslutnad, men vart avvist med 14 mot 13 røyster.

### Kommunestyret 25.03.15

Til kommunestyremøtet 25.03.15 hadde representanten Rolf Hansen på vegner av Meland Arbeiderparti sendt skriv til ordførar der han bad om at kommunestyret tok opp Nordhordlandspakken til ny behandling. Dette skrivet blei sendt til alle kommunestyrerepresentantane og delt ut i møtet. Bakgrunnen for å ta opp saka til ny behandling var framlegg om nye justeringar i pakken. Det går fram av skrivet at også Meland Senterparti og Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) ønskte at kommunestyret skulle behandle saka på nytt. Spørsmålet om ny behandling vart reist under sak 17/15 *Referatsaker*, og kommunestyret røysta då over framlegget om å ta Nordhordlandspakken opp til ny handsaming. Dette framlegget vart vedtatt med 18 mot 9 røyster.

### Kommunestyret 22.04.15

Kommunestyret behandla i sak 29/15 *Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring*. Det vart i saksutgreiinga vist til skriv frå Statens Vegvesen av 10.04.15. Administrasjonen sitt framlegg om å slutte seg til den justerte Nordhordlandspakken vart vedtatt med 17 mot 8 røyster.

## **Vurdering**

Kjernen i kravet om lovlegkontroll handlar om kommunestyret sin mynde til å ta opp att ei sak på nytt. Spørsmålet er ikkje direkte omhandla i kommunelova, og det er ingen eksplisitte lovparagrafar eller formuleringar som set noko forbod mot å ta opp ei sak i til ny behandling. Ein kultur for stadig å ta opp att saker til ny behandling («omkamp») kan vere problematisk både for utvikling og drift av ein kommune, og det har då heller ikkje vore tradisjon for dette i Meland, sjølv i saker der det har vore ulike politiske syn.

På denne andre sida er det ikkje uvanleg at nye opplysningar i ei sak kan danne grunnlag for ny behandling. Dette låg m.a. til grunn ved handsaminga av saka i kommunestyremøtet 22.04.15, jf. skrivet frå Statens Vegvesen dat. 10.04.15. Vedtaket i sak 29/15 må såleis sjåast i lys av dei nye opplysningane i dette justerte framlegget. Dette var elles sendt til alle dei involverte kommunane, og Statens vegvesen Region Vest bad i skrivet om at alle kommunane gav uttale til den justerte pakken (høyring). Det var difor naturleg at saka vart behandla også i Meland kommunestyre.

## Folkehelse

Ikkje relevant i lovlegkontrollsaka.

## Miljø

Ikkje vurdert i lovlegkontrollsaka.

## Økonomi

Ikkje vurdert i lovlegkontrollsaka.

### **Konklusjon**

Administrasjonen kan ikkje sjå at kommunestyrevedtaket i sak 29/15 skulle vere i strid med lovkrav eller krevje heimel i lov. Det er i kravet om lovlegkontroll ikkje stilt spørsmål ved dei formelle sidene ved behandlinga. Som øvste politiske organ har kommunestyret etter kommunelova full kompetanse (mynde) til be om eit ekstramøte til behandling av ei konkret sak når minst 1/3 av medlemmene ber om det, jf § 32 nr 1. Det har då heller ikkje frå nokon representantar vore stilt spørsmål om vedtaket i møtet 25.03.15 var lovleg eller ikkje. Det er dette vedtaket som danner grunnlaget for behandlinga i møtet 22.04.15.

Med bakgrunn i ei samla vurdering vil administrasjonen rå til at kommunestyret held fast på vedtaket i sak 29/15 – *Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring*. Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret kan ikkje sjå at krav om lovlegkontroll frå 3 kommunestyrerepresentantar, dat. 22.04.15, peiker på tilhøve som krev ny handsaming eller omgjering av kommunestyret sitt vedtak i sak 29/15 – *Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring*. Kommunestyret held såleis fast på vedtaket sitt og sender saka over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### **Kommunestyret - 35/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

Kommunestyret kan ikkje sjå at krav om lovlegkontroll frå 3 kommunestyrerepresentantar, dat. 22.04.15, peiker på tilhøve som krev ny handsaming eller omgjering av kommunestyret sitt vedtak i sak 29/15 – *Justeringar i Nordhordlandspakken – høyring*. Kommunestyret held såleis fast på vedtaket sitt og sender saka over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 033, TI - &00	15/1165

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
36/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Justering av punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre

### Vedlegg:

Framlegg til forfallsskjema

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Punkt 5 i Reglement for Meland kommunestyre omhandlar møteplikt, forfall og varamedlem. Punktet byggjer på § 40 i kommunelova, som slår fast den som er vald som medlem i eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkeval organ, plikter å delta i organet sine møte, dersom det ikkje ligg føre gyldig forfall. Lova gir ikkje ei nærare rettleiing på kva som ligg i kriteriet «gyldig forfall», men i kommentarutgåva til kommunelova (Overaa/Bernt) vert det lagt til grunn at ein kan byggje på kriteria i domstollova, der det i § 90 heiter: «*Gyldig forfall foreligger hvis sykdom eller andre hindringer gjør det umulig eller uforholdsmessig byrdefyllt å møte.*»

#### Vurdering

Per i dag vert det i Meland praktisert ei ordning der kommunestyremedlemmene melder forfall til resepsjonen på rådhuset, som oftast per telefon, jf. pkt. 5 i reglementet. Sekretariatet kallar så inn varamedlem. Til tider har ei slik munnleg meldingsform vore årsak til misforståingar kring forfall og behovet for å kalle inn varamedlemmer. Det kan også vere ryddig at lova sine krav til «gyldig forfall» kjem meir tydeleg fram.

#### Folkehelse

Ikkje relevant i saka.

#### Miljø

Ikkje relevant i saka.

#### Økonomi

Ikkje relevant i saka.

## **Konklusjon**

Administrasjonen har utarbeidd eit enkelt skjema som skal nyttast ved melding om forfall. Skjemaet vert lagt på kommunen si nettside, og etter utfylling skal det sendast til [postmottak@meland.no](mailto:postmottak@meland.no). (Det vert jobba med å få laga eit elektronisk skjema, noko som vil gjere meldeprosessen enklare for alle partar.) Når sekretariatet får oversendt den skriftlege meldinga, vert varamedlem kalla inn. Ordførar vil få kopi av alle forfallsmeldingar.

Dersom kommunestyret godkjenner det nye systemet for melding av forfall, vert det lagt til grunn at dette også må gjelde for dei andre folkevalde organa, som t.d. formannskap og hovudutvala.

Administrasjonen vil rå til at det nye meldesystemet vert sett i verk så snart vedtaket er gjort i kommunestyret. - då kan ein få gjort ev. tilpassingar før ny kommunestyreperiode tar til.

### Ordlyd i justert tekst punkt 5:

«Den som er vald som kommunestyremedlem har plikt til å delta i møte, om han eller ho ikkje har lovleg forfall. Lovleg forfall ligg føre dersom sjukdom eller andre hindringar gjer det umogleg eller urimeleg byrdefylt å møte. Dersom medlem eller varamedlem har lovleg forfall, skal meldingsskjemaet *Forfall til politiske møte* fyllast ut og sendast til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no). Dette skjemaet skal også nyttast dersom ein medlem er ugild i ei sak, jf. punkt 6.

Melding om forfall skal sendast så snart ein har kunnskap om at ein vil vere lovleg forhindra frå å møte. Sekretariatet vil sende kopi av meldinga til ordførar og kalle inn varamedlem.

Lovleg forfall under møtet må straks meldast til møteleiar. Ingen kan gå frå møtet før behandlinga av ei sak er slutført.

Rutinane under dette punktet gjeld tilsvarande for forfall til andre folkevalde organ.»

Justert tekst punkt 5 må skrivast inn i reglementet.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner justert tekst i Reglement for Meland kommunestyre punkt 5, slik denne ligg føre i saka.

### **Kommunestyret - 36/2015**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert utsett.

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

**KS - vedtak:**  
Saka vert utsett.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 153	14/4474

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
42/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015
37/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Avtale med Bergen Capital Management - Forlenging

### Vedlegg:

Avtale med BCM vedr forvaltning av låneportefølje for Meland kommune - signert 11.12.2014

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune inngjekk i desember 2014 avtale med Bergen Capital Management avtale om forvaltning av låneportefølje. Saka vart handsama i kommunestyret i sak 79/2014, med vedtak i punkt 5 og 6 slik:

*5. Kommunen inngår rammeavtale med Bergen Capital Management på prøvevilkår fram til 31. mai 2015. Honorar ca kr 50.000,- vert å dekke innanfor vedtekne budsjettammer. Kommunen skal oppdatere finansreglementet i løpet av avtaleperioden.*

*6. Kommunen skal innan 31.05.2015 kunngjere ein anbudskonkurranse kor kommunen inngår parallelle rammeavtaler med leverandører av gjeldsbrevlån. Avrop og evt. låneopptak vert å gjennomføre ved førespurnad blant rammeavtale-leverandørane.*

Rådmann meiner avtalen er nyttig for kommunen, og ynskjer å forlenge denne i inntill 2 år. Avtalens vedlegg 2 regulerer kostnaden ved forlenging. Kostnaden vert å dekke ved å redusere rentekostnadane tilsvarande. Årleg kostnad er 0,5 promille av total låneportefølje, ca kr 200.000,-. For forlenging av avtalen frå 1. juni 2015 og fram til 31.12.2015 utgjer dette 7/12 år eller kr 116,700,-. Vi treng ikkje signere ny avtale, eksisterande avtale vert automatisk fornya om vi ynskjer dette.

Bergen Capital Management meiner vår låneportefølje har ein for høg gjennomsnittleg rentekostnad, og meiner vi gjennom ein meir aktiv forvaltning av denne kan spare opp til 0,5 prosent årleg rente, eller inntil 2 mill kr. Dette ut frå forskjell på vår noverande gjennomsnittlege rentekostnad og beste marknadsrente på ein kommunal låneportefølje på vår storleik.

Rådmann ynskjer å bruke Bergen Capital Management som forvaltar og rådgjevar i vår arbeid med å refinansiere låneporteføljen slik at vi kan redusere rentekostnadane.

### Vurdering

Ingen konsekvensar for Folkehelse eller Miljø. Forventar økonomiske innsparingar som følgje av positivt vedtak i saka.



**Framlegg til vedtak:**

Avtale med Bergen Capital Management vert forlenga i inntil 2 år til mai 2017. Rådmann får fullmakt til å forlenge avtalen fram til dette tidspunkt.

Kostnad kr 200.000,- årleg eller kr 116.700,- for perioden frå 1. juni til 31.12.2015 vert budsjettert som honorar i 2015 og finansiert med tilsvarande reduksjon i budsjetterte lånerenter for 2015. For 2016 og 2017 vert kostnaden å innarbeide i ordinært budsjett.

**Formannskapet - 42/2015****FS - behandling:****FS – framlegg til vedtak:**

Avtale med Bergen Capital Management vert forlenga i inntil 2 år til mai 2017. Rådmann får fullmakt til å forlenge avtalen fram til dette tidspunkt.

Kostnad kr 200.000,- årleg eller kr 116.700,- for perioden frå 1. juni til 31.12.2015 vert budsjettert som honorar i 2015 og finansiert med tilsvarande reduksjon i budsjetterte lånerenter for 2015. For 2016 og 2017 vert kostnaden å innarbeide i ordinært budsjett.

**Kommunestyret - 37/2015****KS - behandling:****KS - vedtak:**

Avtale med Bergen Capital Management vert forlenga i inntil 2 år til mai 2017. Rådmann får fullmakt til å forlenge avtalen fram til dette tidspunkt.

Kostnad kr 200.000,- årleg eller kr 116.700,- for perioden frå 1. juni til 31.12.2015 vert budsjettert som honorar i 2015 og finansiert med tilsvarande reduksjon i budsjetterte lånerenter for 2015. For 2016 og 2017 vert kostnaden å innarbeide i ordinært budsjett.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 250, TI - &00	15/1105

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
43/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015
38/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Reglement for Finansforvaltning Meland kommune

### Vedlegg:

Reglement for Finansforvaltning Meland kommune 2015

### Saksopplysningar:

Meland kommune sitt Finansreglement er vedteke i kommunestyret i sak 076/2010. Reglementet er ikkje i eit format som passer dei behov kommunen har eller slik det er tilrådd frå Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund eller frå vår avtalepartner på låneforvaltning, Bergen Capital Management. Vedlagt følgjer framlegg til nytt reglement. Dette bygger i hovudsak på Lindås kommune sitt reglement vedteke i november 2014, unnateke kapittel 8 om Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva. Dette kapittelet er meir i trå med standarden som er tilrådd, og er strammare enn reglementet til Lindås kommune.

Meland kommune har i dag ikkje langsiktige finansielle aktiva, men kapittelet er med for å gjøre Finansreglementet komplett.

Årsaka til at vi treng nytt reglement er først å fremst at avgrensingane som ligg i forhold til rentebindingsperiode på langsiktig gjeld er så rigide at dei fører til at kommunen må ha mange små lån, og dei krev rentebindingsperiodar som i dagens lånemarkand vil gje ei for høg rente og rentebinding som ikkje er tilrådeleg i dagens rentemarknad.

Det nye reglementet er dessutan meir uavhengig av rentemarknaden enn noverande reglement, slik at vi har mogelegheit for å tilpasse oss marknaden og til ei kvar tid ha ein låneportefølje med rentebindingstid og rentenivå som er så god som mogeleg.

### Framlegg til vedtak:

Vedlagte framlegg til nytt reglement for finansforvaltning vert vedteke.

**Formannskapet - 43/2015**

**FS - behandling:**

**FS – framlegg til vedtak:**

Vedlagte framlegg til nytt reglement for finansforvaltning vert vedteke.

**Kommunestyret - 38/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Vedlagte framlegg til nytt reglement for finansforvaltning vert vedteke.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 056, TI - &85	15/1077

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015
39/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Felles IKT-strategi

### Vedlegg:

Felles IKT Strategi 2015-2018

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Felles IKT-strategi 2015-2018 for kommunane i det interkommunale IKT-samarbeidet i Nordhordland vert med dette lagt fram for politisk handsaming.

IKT-strategien gjer greie for dei viktigaste prioriteringane, måla og satsingsområda for åra 2015 til 2018. Sjølve strategiane er på overordna nivå og skal følgjast opp av ein meir detaljert tiltaksplan. Tiltaksplanen skal sei noko om korleis strategien skal setjast ut i livet.

Visjonane frå tidlegare strategiperiodar vert vidareførte i visjonen for denne strategiperioden. Vi skal leggje til rette for felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk.

Erfaring frå tidlegare strategiar har synt at det er naudsynt med politisk forankring av Ikt-strategien.

#### Vurdering

Sidan IKT-samarbeidet i Nordhordland vart oppretta i 2011 har vi oppnådd mykje positivt. Sjølv om vi har kome ganske langt i arbeidet med å digitalisere forvaltninga er det likevel mykje som står att. Vi treng difor offensive målsetjingar og tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre prosjekt, som på sikt fører til meir effektiv forvaltning og reduserte kostnader.

Måla vi har i vårt framlegg til strategi byggjer på måla i digital agenda for Norge. Nokon vil synast dei er ambisiøse, mendan andre kanskje meiner vi bør ta mål av oss til å kome enda lenger i perioden. Kommunane i IKT-samarbeidet er ulike og har i ulik grad ressursar til å utvikle og gjennomføre den organisasjonsutviklinga IKT-utviklinga krev.

Strategien skal vere noko å strekkje seg etter, men samstunden må den vere realistisk. Vi meiner at det framlegget som no vert lagt fram til politisk forankring stettar desse krava.

Strategien seier noko om at digital dialog skal vere hovudsatsinga vår. Vidare nemne den utvikling på prioriterte tenesteområder. Det betyr ikkje at det ikkje kan jobbast med område som ikkje konkret er nemnd, men dei områda som er nemnd skal ha særskild fokus.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Felles IKT-strategi er eit godt grunnlag for å vidareutvikle kommune-organisasjonane og dei digitale løysingane vi i dag har. Det er eit stort potensiale i å utnytte dei systema vi har betre, samt implementere nye løysingar som ei vidareutvikling av dagens løysingar.

Mange ser på digital kommunikasjon som ein sjølvfølge i dag, og kommunane må henge med i utviklinga. Men digital kommunikasjon byr også på utfordringar. Vi har eit stort ansvar for å sikre at dei løysingane vi nyttar, og dei rutinane vi etablerer er trygge og sikrar både vern av sensitive personopplysningar, teieplikt og informasjonstryggleik. Vi må sikre arkivrutinar og trygg dokumenthandtering.

Sjølv om vi har eit IKT samarbeid som fungerer svært godt, er ikt-tryggleik den einskilde kommune sitt ansvar. Vi må sjølv syte for at vi har naudsynt kompetanse og gode nok rutinar på dette.

Felles IKT-strategi kan hjelpe oss å setje Ikt utvikling på dagsorden, men jobben med å implementere dette i organisasjonane kviler på den einskilde kommune. Det at vi løftar saman gjer likevel at vi kan kome litt lenger enn om vi kvar for oss skulle hatt ansvar for å fonye og levere digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval.

### **Framlegg til vedtak:**

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

### **Formannskapet - 44/2015**

#### **FS - behandling:**

#### **FS – framlegg til vedtak:**

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

**Kommunestyret - 39/2015**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

Felles IKT-staregi for 2015 – 2018 vert vedteken som Meland kommune sin IKT-strategi for denne perioden.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Berit M.Eskeland	FA - N64	15/1015

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
40/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

## Søknad om tilskot til utbygging av breiband 2015 Prioritering av områder

### Saksopplysningar: Bakgrunn

Meland kommune har igjen høve til å søkje om tilskot til breibandsutbygging frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (tidlegare Post- og Teletilsynet). Det er tilsaman sett av 110 millionar til tilskotsordninga i 2015. I 2014 var det sett av 160 mill. Føremålet er å sikre at det vert bygd ut godt breiband i heile Norge, også i område der det ikkje er lønsamt å byggje ut.

Tilskotsordninga skal sikre at midlane vert brukt slik at ein nyttar samfunnet sine ressursar på ein mest mogleg effektiv måte. Følgjande grunnleggjande føringar gjeld for ordninga:

1. Regelverk for utlysing, anbudsprosessar og rapporteringskrav må følgjast. Ordninga skal notiserast til EFTAs Overvåkningsorgan (ESA).
2. Ordninga skal følgje EU sine retningslinjer for breibandsstøtte. Det er krav om at det i subsidierte nett skal bli tilbydd grossisttilgang til tredjepartsoperatørar.
3. Ordninga skal vere teknologinøytral. Det betyr mellom anna at både mobile, trådlause og faste breibandstilknyttingar kan vere aktuelle for støtte

Når kommunen skal søkje om midlar vil vi rette oss etter at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit vil vurdere søknaden ut i frå følgjande kriterium:

1. Talet på nye husstandar som får eit breibandstilbod 25 %
  - Tilskot skal primært utløyse tilbod om breiband til husstander i område utan eksisterande breibandstilbod av grunnleggjande god kvalitet (minst 4 Mbit/s nedstraum) der det ikkje er forventa kommersiell utbygging dei næraste åra.
2. Kostnadseffektivitet 20 %
  - Estimert utbyggingskostnad per tilknytting
3. Lokal medfinansiering 10 %
  - Både offentleg og privat tilskot
4. Plan for bærekraftig drift 15 %
5. Betring av eksisterande breibandstilbod 15 %
  - Område der det eksisterar eit grunnleggjande breibandstilbod, men ikkje høgkapasitetsbreiband (over 30 Mbit/s nedstraum)
6. Kva dette har å seie for lokal samfunnsutvikling 15 %

Det vert ikkje lagt opp til at kommunen skal gå inn og medfinansiere utbyggingar.

### Vurdering

Kommunar som planlegg å søkje skal offentleggjere informasjon om kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld. Interesserte partar skal få høve til å gi innspel til kommunen før søknaden vert levert.

Meland kommune lyste 30.03.15 ut høyring om utbygging av breibandsnettet på kommunen sine nettsider. Følgjande geografiske områder vart då foreslått prioritert av administrasjonen på bakgrunn av tidlegare motteke innspel:

- Ådland

Frist for innspel var 30. april, og innan fristen var det kome inn 34 innspel til kommunen:

Dato	Avsender	Område	Grunngjeving
15.01	Marius Gripsgård Samt interesseliste med 22 hustander	Ådland	Er ikkje ADSL eller fiber i dag
31.03	Atle Håtuft	Grasdal-Hestdal- Håtuft- Myrtveit- Gripsgård	Dårleg dekning både for telefon og internett. Ikkje nok kapasitet på eksisterande linjer
31.03	Rune Gripsgård	Håtuft-Gripsgård- Myrtveit	Viktig å få breiband for å sikre at folk vil busette seg i bygdene.
01.04	Olav Turøy	Sætrevik-Husebø- Bratshaug-Skjelanger	Dårleg mobildekning. Ønskje om mobilt breiband 4G og/eller fiber
01.04	Konrad Io	Fossesjøen	Ønskjer breiband/fiber
02.04	Linda Aasheim	Fosse – Øvre Fosse	Dårleg mobildekning og veldig låg hastigheit på breiband
02.04	Bjørn Inge Eggen	Rosslund-Skjelanger	Viktig med breiband for å gjere det enklare å bu nord på øya
02.04	Kim Arne Reknes	Håtuft-Gripsgård- Myrtveit	Dårleg dekning
02.04	Trine Chanet Rokkones	Gripavegen og omegn	Dårleg dekning
02.04	Svein Arne Reknes	Gripen	Ustabil internettdækning. Manglande mobildekning.
02.04	Sandra Olsvoll	Håtuft-Myrtveit- Gripsgård	Dårleg mobildekning og internettdækning.
03.04	Geir Flom	Litlebergen	Låg hastigheit grunna at området ligg sist på eksisterande kobbertråd
05.04	Rolf Thoren	Midtsundet	Dårlig internettdækning
06.04	Jens Husebø	Husebø regionen	Dårleg dekning
07.04	Alf-Egil Skjeldestad	Io	Dårleg hastigheit på breiband. Ikkje mogleg med heimekontor
07.04	Evy Straumøy	Io-området	Dårleg hastigheit på breiband.
08.04	Kåre Skjelanger	Landvik-Kårbø- Bratshaug-Sætrevik- Husebø-Skjelanger	Dårleg internettdækning, kun signaler via speil på Eldsfjellet



08.04	Øyvind Bratshaug	Nordre Holsnøy	Dårleg dekning
09.04	Eva Birkeland	Skjelanger-Husebø-Sætrevik-Bratshaug-Kårbø-Landsik	Dårleg og ustabil internett. Viktig å prioritere dei desentraliserte områda i kommunen
09.04	Ranveig Skurtveit	Landsvik-Skjelanger	Ikkje breibandsdekning i dag. Frykter at områda blir meir og meir digitalt etterhengande
14.04	Styret i Midtsundet Harald Strømsnes Håvard Sudmann	Midtsundet-Litlebergen	Dårlig linje pga lang avstand til sentral
16.04	Asbjørn Larsen	lo	Dårleg internettdekning. Vanskeleg for bedrifter.
16.04	Roy Tore Skaar	Landsvik-Skjelanger	Svært ustabil internetttilkopling. Ikkje breiband
16.04	Hans Ivar Skjelvik	Hopland	Dårleg dekning.
20.04	Tor Oscar Maaseide	Espetvedt-Fureskjegget	Dårleg dekning. Har delvis tilrettelagt for fiber i samband med legging av vassleidning
20.04	Nils Åge Skjelvik	Hopland	Dårleg dekning
28.04	Steinar Erstad	Meland-Bjørnestad-Erstad	Dårlege kobberlinjer og dårleg dekning på mobilnett. Vanskeleg å ha heimekontor
28.04	Hege Kvamsdal Iden	lo	Dårlig hastigheit
29.04	Eirin Stusdal	Midtsundet	Har kun mobilt breiband. Ikkje tilfredsstillande løysing
29.04	Kåre Skibenes Steinar Erstad	Meland-Erstad-Bjørnestad	Svært dårleg dekning, både internett og mobil
29.04	Sigve Eldøy	Landsvik-Skjelanger	Kun trådlaust internett løysing som fungerer dårleg. Ønskjer breiband
29.04	Myrtveit Bygdelag	Hestdal-Håuft-Gripen-Myrtveit	Ustabil nett. Kun radio og satelittbasert. Har vore utan nettilgang i fleire veker
30.04	Martin Groh	Hopland	Dårleg hastigheit på eksisterande internett. Manglande mobildekning i delar av området.
30.04	Renate Olsvoll m.fl	Hestdal	Ikkje plass på linjene til Telenor. Dårleg mobildekning.

Det er kome inn innspel til utbygging av 9 ulike områder. Administrasjonen meiner at det ikkje vil vere tenleg å søkje om alle områda i denne omgang ettersom dette vil krevje eit svært stort tilskot. I staden for bør kommunen søkje om dei områda som ein vurderar har størst moglegheit til å nå opp basert på dei kriteria Nasjonal kommunikasjonsmyndighet har satt.

I følgje dekningskartet for Meland kommune skal alle områder ha tilgang til internett med hastigheit på minimum 4 Mbit/s, men mange områder har ein hastigheit på mindre enn 30 Mbit/s. Basert på innspel frå innbyggjarar er det nok fleire stader som i praksis har noko mindre enn 4 Mbit/s nedlastingshastigheit.

Det er stor forskjell på kor kostbart det vil vere å byggje ut dei ulike områda i kommunen. Jo meir perifert og spredt busetnad, desto dyrare vert utbygginga. Ettersom kostnadseffektivitet og plan for berekraftig drift er sentrale kriterier som er satt for vurdering av søknadene, vurderar

administrasjonen det som fornuftig å søkje om områder som er forholdsvis tett befolka og som ligg i nærleiken av eksisterande breibandsinfrastruktur.

Områder	Vurdering
Io Midtsundet-Litlebergen	Områda har forholdsvis tett busetnad og ligg nær eksisterande breibandsinfrastruktur. Vert vurdert som dei mest hensiktsmessige å søkje om tilskot til.
Ådland	Området har til dels spredt busetnad, og ligg langt frå eksisterande breibandsinfrastruktur og vil difor vere kostbart å byggje det ut.
Landsvik-Kårbø-Sætrevik-Husebø-Skjelanger Grasdalen-Hestdal- Håtuft- Myrtveit-Gripsgård	Områda ligg langt frå eksisterande breibandsinfrastruktur og har i tillegg svært spredt busetnad. Dei vil vere svært kostbare å byggje ut
Fureskjegget-Espetvedt	Området har få bustader, og ligg eit stykke frå eksisterande breibandsinfrastruktur. Vert vurdert at utbyggingskostnaden vil vere for høg i forhold til tal bustader
Hopland	Området har få bustader og svært spredt busetnad. Vert vurdert at utbyggingskostnaden vil vere for høg i forhold til tal bustader
Meland-Bjørnstad-Erstad	Telenor har opplyst om at breibandssentralen som ligg på Dale skal oppgraderast i sommar. Det vil difor ikkje vere aktuelt å søkje om tilskot for dette området.
Fossesjøen-Øvre Fosse	Dette området er det større moglegheiter til å byggje ut kommersielt. Det ligg ikkje føre konkrete planar som kommunen kjenner til i dag, men området vurderast å vere for sentralt til å søkje om tilskot til.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### Konklusjon

Administrasjonen vurderar at det er områda Midtsundet-Litlebergen og Io som vil vere best eigna å søkje om tilskot til.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meland kommune søkjer om tilskot til breibandsutbygging for følgjande prioriterte område:

1. Midtsundet-Litlebergen

2. Io

## Kommunestyret - 40/2015

### **KS - behandling:**

### **KS - vedtak:**

Meland kommune søker om tilskot til breibandsutbygging for følgjande prioriterte område.

1. Midsundet-Litlebergen

2. lo